


«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»Dato: 30.11.2017
Vår ref.: 2015/10285-24
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Varsel til grunneigarar om arkeologisk registrering - reguleringsplan for Fv 561 Kolltveit-Ågotnes - Fjell kommune

Vi viser til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Fv 561 Kolltveit-Ågotnes i Fjell kommune datert 08.10.2015 og varsel om utviding av plangrense datert 09.06.2017. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i delar av planområdet, jf. § 9 i kulturminnelova. Det er Fjell kommune som er tiltakshavarar, men arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i område vist på kart under. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre undersøkingar i veke 49 eller 50. Registreringa vert utført ved søk etter synlege kulturminne og prøvestikking med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.



Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ sakshandsamar Ambjørge Reinsnos, e-post Ambjorg.Reinsnos@hfk.no, tlf. 55 23 91 72 eller v/ feltkoordinator Monika Serafinska, tlf. 55 23 91 80, e-post Monika.Serafinska@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fjell kommune